

Ansvarleg sakshandsamar sign. for utført handling:
Saka er godkjend av fylkesrådmannen:

Dokumentoversyn:

Tal prenta vedlegg: *

Tal uprenta vedlegg: *

Vestlandsforsøket - omdisponeringar på post 31 og post 60 i 2005

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:

Vestlandsrådet vedtek omdisponeringar på post 31, Rassikring, og post 60, Øvrige riksvegar, i tråd med Statens vegvesen sitt framlegg.

Prenta vedlegg:

Uprenta vedlegg:

Saksframstilling**Bakgrunn**

Statens vegvesen Region vest ynskjer å gjere nokre omdisponeringar for å sikre god utnytting av tilgjengelege midlar i 2005. Nokre av prosjekta klarer ikkje å bruke opp disponible beløp, og ledige midlar kan då nyttast på vedtekne prosjekt som ein ynskjer å starte opp før, eventuelt prosjekt der ein kan få til ei forsert framdrift.

Vestlandsforsøket

Vestlandsforsøket avgjer bruken av midlar på post 31, Rassikring, og post 60, Øvrige riksvegar (med unntake det som er fastsett /bunde i gjeldande handlingsprogram, 2002-2005). Post 30, Stamvegar og øvrige riksvegar bundne i handlingsprogrammet, har ikkje Vestlandsforsøket råderett over.

Statens vegvesen sitt forslag til omdisponeringar

I vedlegget går det fram korleis Statens vegvesen ynskjer å omdisponere dei ledige midlane. Her er det med både prosjekt på Stamvegar, Øvrige riksvegar og Rassikringsprosjekt. Det er først og fremst på stamvegprosjekta ein har ledige midlar. Prosjekt som det er aktuelt å forserere må vere sett opp med bevilgning i 2006. Det er her altså snakk om å låne ut midlar frå eitt år for så å få dei attende nest år. Dei einskilde prosjekta er kommenterte i vedlegget.

Dei prosjekta som Vestlandsforsøket kan bestemme over er i vedlegget utheva med gult. Dette er følgjande prosjekt:

Rv 503	Gloppedalen, Rogaland	+ 10 mill.kr
	Bustadstøy, Rogaland	+ 6 mill.kr
Rv 7	Rassikring Furlo, Hordaland	+ 15 mill.kr
Fv	Jondalstunnelen, Hordaland (29 mill.kr av desse blir nytta i Hordaland, jfr vedlegg)	- 30 mill.kr
Rv 550	Rastiltak Solesnes (Lausanakken), Hordaland	+ 6 mill.kr
Rv 550	Agaparsellen, Hordaland	- 10 mill.kr

Summen (+ og -) stemmer ikkje for prosjekta som inngår i Vestlandsforsøket, men summen stemmer totalt i Region vest, jfr vedlegg.

Gloppedalen og Lausanakken er prosjekt ein ynskjer ein å forserere. Dette gjeld også rassikring Furlo. Det oppstod skade på det gamle rasoverbygget vinteren 2004 /05, og i staden for utbetring vert det bygd nytt rasoverbygg i år med lånte midlar.

Bustadstøy er pålegg etter forureiningslova som skulle vore ferdig innan 01.01.04. Nye utrekningar har avdekkja eit vesentleg større behov, og Fylkesmannen har varsla bøter på 50.000 kr pr bustad som ikkje vert skjerma innan utgangen av 2005. Dette må difor prioriterast og dekkast inn budsjettmessig i 2006 (Øvrige riksvegar, Rogaland).

I Busjett-innstill. S nr 13 2004-2005 (side 51 og 52) vert Jondalstunnelen tildelt 30 mill.kr. Komiteen skriv også at Vestlandsrådet kan i samråd med fylkeskommunen omprioritere midlane til andre prosjekt i Hordaland i 2005. Det er venta prosjekteringsutgifter på ca 5 mill.kr i år, desse vert belasta fylkesvegbudsjettet. Av vedlegget går det fram at det kan nyttast 29 mill.kr til andre prosjekt i Hordaland i 2005, og dette tilsvarer om lag dei 30 mill.kr frå Jondalstunnelen.

På Agaparsellen er det venta eit mindreforbruk på 10 mill.kr i 2005. Dette skuldast forseinka anleggsstart pga for manglande planavklaringar.

Fylkesrådmannen sine vurderingar

Fylkesrådmannen ser positivt på at ein omdisponerer ledige midlar i 2005 for å utnytte desse på ein best mogleg måte. Det er krevjande å ha oversikt over kva midlar som inngår i Vestlandsforsøket og kva som skal haldast utanom. Det vil gje ein mindre fleksibilitet om budsjettpostane skal haldast så strengt frå kvarandre at ein ikkje kan låne ut ledige midlar i mellom dei. Fylkesrådmannen støttar dei omdisponeringane for 2005 som Regionvegsjefen her føresår.